



Ein glad Uskedal-gjeng som nyt sola og bluesen: Frå venstre Anne Berit Huglen, Eli Myklebust, Ellen Schwenke, Konstanse Bringedal Tveit, Marit Hjørnevang, Kristian Bringedal, Edvard Myklebust, Reidar Myklebust og Kjell Yri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også uskedalingane er solid representert blant dei mange som nyt ein harmonisk kombinasjon i Sunnhordlands perle Skånevik i desse dagane: Sola og bluesen!



Vakre skuter er det mange av i Skånevik om dagen – her er Granvin og Lojal.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Festivalsjef og kulturmesen Alf Warloe Christophersen har høsta mange lovord for dette einestående kulturtiltaket som verkeleg har løfta fram Skånevik som ein attraktiv og innbydande stad. Dei rundt 15 uskedelingane som uskedalen.no traff laurdag i bluesbygda var også rause med rosen..Samstundes beklaga fleire at det ikkje vart noko av Festidalen dette året.

- Men det er ikkje så mange her som i fjor. Då var det ikkje berre triveleg, då måtte vi klatra over mange båtar for å komma fram til vår eigen. No ligg me inntil kaikanten, sa Reidar Myklebust. Han og kona Ellen Schwenke var på plass allereie torsdag og har hatt ei stor oppleving.



Trio med T-skjorte-reklame for Rich Harper, som også er undervegs til Dønhaug: Magne Huglen, Reidar Myklebust og Kjell Yri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har også dei andre uskedelingane, men kanskje særleg Magne Huglen, som spissa øyro ekstra laurdag ettermiddag. Då var det nemleg konsert med "Rich Harper Blues Band" frå Los Angeles, som låvedansbonden har engasjert til å spela på Dønhaug 19. juli. Det er første gong bluesgitaristen, som har hatt stor suksess på heimebane samt i Asia, Australia og andre europeiske land, opptrer her i landet. Huglen har forståeleg nok store forventningar. Mellom anna har amerikanaren vore ein hovudattraksjon på den store bluesfestivalen i Åmål i Sverige dei siste to åra.

Mange fine skip var å sjå i Skånevik, men uskedalen.no har vondt for å tru ein informasjon om at båt-talet denne gongen ligg rundt 500. Den fantastiske skuta Lojal er på plass også i år og det same er den freda ferja Skånevik (som ligg fast på staden), Midthordland (som går turar på fjorden under festivalen) og Granvin.

Den siste er som vi har vore inne på før er chartra av BT heile denne månaden og måndag har ho etter den offisielle seglingsruta Rosendal som mål – etter å ha gått på utsida av Skorpo/Snilstveitsøy og utan å ha gått innom Storsundet og Uskedalen..

Den hardt arbeidande journalist Kjetil Holo ønskjer ikkje å ta på seg noko ansvar for dette, men trur at det byggjer på ei avgjerd som er teken i marknadsavdelinga!

Men det er aldri for seint å angra!

Av Ola Matti Mathisen



Original BT-redaksjon i det indre av Granvin: Kjetil Holo jobbar intenst med siste nytt frå Skånevik. (Foto: Ola Matti Mathisen)